

Langrennskomiteen@

Sakshand.: YT/AHE

Dato: 04.05.2015

Arkivk.: lk/møter/protokoll/13-15

<b>PROTOKOLL MØTE NR. 04 I LANGRENNSKOMITEEN, 2013-2015</b>
---

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotel  
**Tidspunkt:** Torsdag 30. april 2015, kl. 18.00-21.00

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**SAK 32 13-15** SFSK LK – referat frå Haustmøtet 2014  
**SAK 33 13-15** Referat frå Trenarmøte 14. april 2015

**RAPPORTERING**

**SAK 34 13-15** Rekneskap 2014  
**SAK 35 13-15** Rekneskapsrapport pr. 14.04.2015

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 36 13-15** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 37 13-15** Godkjenning av protokoll frå møte i langrennskomiteen 04.09.14  
**SAK 38 13-15** Team Veidekke Vest  
**SAK 39 13-15** Generell oppsummering av sesongen 2014-2015  
**SAK 40 13-15** Rammer for kringlagsaktiviteten 2015-2016  
**SAK 41 13-15** Terminlisteprosessen 2015-2016  
**SAK 42 13-15** Handlingsplan 2014-2015  
**SAK 43 13-15** Vårmøte 2015  
**SAK 44 13-15** Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal og Magnorpokal

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 45 13-15** Evalueringsmøte – krinslaga i langrenn  
**SAK 46 13-15** Status markedsarbeid

**EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Arthur Hegrenes (s)  
Leiar LK

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef

**TIL STADES:** Arthur Hegrenes, Oddmund Lefdal, Torunn Grut, Jo Inge Skålbones, Eivind Skaar og Yngve Thorsen (adm.)

**FORFALL:**

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Yngve Thorsen

---

## REFERATSAKER

**SAK 32 13-15**

**SFSK LK – referat frå Haustmøtet 2014**

**Bakgrunn**

Referat frå langrennskomiteen sitt Haustmøte 29. oktober 2014 er vedlagt.

**VEDTAK**

Teke til orientering

**SAK 33 13-15**

**Referat frå Trenarmøte 14. april 2015**

**Bakgrunn**

Referat frå Trenarmøte 14. april 2015 er vedlagt.

**VEDTAK**

Teke til orientering.

## RAPPORTERING

**SAK 34 13-15**

**Rekneskap 2014**

**Bakgrunn**

Rekneskap 2014 var utsendt på førehand.

Adm. presenterte rekneskapen.

Nøkkeltal langrennskomiteen 2014:

- driftsinntekter; kr 1 386 533,-
- driftskostnader; kr 1 395 412,-
- resultat; - kr. 8 879,-

Negativt resultat vert dekket av langrennskomiteen sin eigenkapital.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenner rekneskapen for 2014.

**SAK 35 13-15**

**Rekneskapsrapport pr. 14.04.2015**

**Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 14.04.2015 var utsendt på førehand.

Adm. presenterte rekneskapen.

**VEDTAK**

Teke til orientering.

## **DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

### **SAK 36 13-15**

#### **Godkjenning av innkalling og sakliste**

##### **Bakgrunn**

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

##### **VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste

### **SAK 37 13-15**

#### **Godkjenning av protokoll frå møte i langrennskomiteen 04.09.14**

##### **Bakgrunn**

Protokoll frå møte i langrennskomiteen er vedlagt.

##### **VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenner protokoll frå møte i langrennskomiteen 04.09.2014

### **SAK 38 13-15**

#### **Team Veidekke Vest**

##### **Bakgrunn**

Leiar i LK orienterte om Team Veidekke Vest på følgjande punkt:

- framdrift
- økonomi, marked
- trenarsituasjonen
- uttak av utøvarar

##### **VEDTAK**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

### **SAK 39 13-15**

#### **Generell oppsummering av sesongen 2014-2015**

##### **Bakgrunn**

Komiteen oppsummerte sesongen på følgjande område:

- gode snøtilhøve
- arrangementavvikling
- renndeltaking
- breidde/ rekruttering
- sportsleg nivå
- renntilbod senior

##### **VEDTAK**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

### **SAK 40 13-15**

#### **Rammer for kringlagsaktiviteten 2015-2016**

##### **Bakgrunn**

Framlegg til samlingsplan var utsendt på førehand.

Stad	Dato	Satsingsgr.	Krinslag	Impuls
Sognefjellet/Skjolden	28.-31. mai	4	4	
Førde (inkl. Impulslaget)	26.-28. juni	3	3	3
Førde (Satsingsgruppa)	28.-01. juli	3		
Sognefjellet (Satsingsgruppa)	14.-19. juli	6		
Markane	06.-09. august	4	4	
Jølster (Vassenden) (inkl. impulslaget)	03.-06. september	4	4	3
Mallorca (Satsingsgruppa)	04.-10. oktober	7		
Førde	08.-11. oktober		4	
Beitostølen (inkl. Impulslaget)	04.-08. november	5	5	3
Gålå (BUL-sprinten) (Satsingsgruppa)	26. nov.-01. des.	6		

Med bakgrunn i Trenarmøte 14. april foreslår ein at det ikkje skal vere uttak til satsingsgruppa, men i staden skal det setjast ei nedre aldersgrense for deltaking på laget. Den nedre aldersgrensa for laget kan i så fall vere eldre junior.

Stipulert tal utøvarar på krinslaga i 2015-2016:

- Satsingsgruppa; 13 stk .
- Krinslaget; 19 stk.
- Impulslaget; 12 stk.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen tek samlingsplanen til orientering, og gjer vidare vedtak om at satsingsgruppa skal vidareførast med uttak og gitte kriteriar jf. tidlegare sesongar. Kriteriane for uttak skal vere klare til evalueringsmøtet 05. mai 2015.

Førøvrig skal trenarane skal vere suverne m.o.t. laguttak, og det skal vere maksimalt 10 utøvarar på laget.

Elles skal Thomas S. Evjestad og Simen Bekken følgjast opp som aktuelle trenarar på krinslaga (ynskje om avklaring før evalueringsmøtet 05. mai 2015)

#### **SAK 41 13-15**

#### **Terminlisteprosessen 2015-2016**

##### **Bakgrunn**

Rammene for langrennskomiteen si terminliste 2015-2016 skal leggest fram for Vårmetet 05. juni, før den vert sendt til høyring i laga. Endeleg handsaming av terminlista skjer i samband med langrennskomiteen sitt Haustmøte.

##### **VEDTAK**

Oddmund Lefdal utarbeidar rammer for terminliste 2015-2016.

Rammene skal presenterast i samband med Vårmetet 2015, og deretter sendast til høyring i laga.

Ein legg m.a. til grunn følgjande kriterie for utarbeiding av Terminliste 2015-2016.

- SSF Cup Finale skal gjennomførast i Nordfjord
- KM-helga skal avviklast i Førde IL
- Min. ett arrangement i duathlon
- Tal arrangørar av krinsrenn skal oppretthaldast
- Vurdere om SSFkarusellen skal vidareførast etter same modell som tidlegare.
- Oppmode laga å bli einige om aktuelle sonerenn i respektive fogderi. (i høyringsprosessen)

**SAK 42 13-15**

**Handlingsplan 2014-2015**

**Bakgrunn**

Handlingsplan 2014-2015 er vedlagt.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen utset saka til neste møte.

**SAK 43 13-15**

**Vårmøte 2015**

**Bakgrunn**

Skikrinsstyret har fastsett at Vårmøte og Skikrinstinget skal avviklast slik:

- Vårmøte 2015, fredag 05. juni (Thon Skei Hotell)
- Skikrinstinget 2015, laurdag 06. juni (Thon Skei Hotell)

**VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste i samband med Vårmøtet:

- Oppsummering sesongen 2014-2015 v/ Arthur Hegrenes
  - o utvikling deltaking på turrenn
  - o utvikling sonerenn
  - o sportslege resultat
  - o avvikling av krinsrenn
- Demo – EMIT v/ Oddmund Lefdal (Asgeir Tveit)
- Terminliste 2015-2016 v/ Oddmund Lefdal
  - o Sonevis prosess (gruppearbeid)
- Jentesamlingar v/ Margunn Hjelmeset
- Presentasjon av aktiviteten i Eid IL v/ Reidar Hunvik
- Krinslagsaktiviteten v/ Asgeir Årdal
- Økonomi/ marked v/ Yngve Thorsen

**SAK 44 13-15**

**Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal og Magnorpokal**

**Bakgrunn**

Skikrinsstyret innstiller kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal og Magnorpokal.

Statuttar Bragdpokal

Kan delast ut til den skiidrettsutøvar innan skikrinsen som, ut frå sine føresetnader, har levert den beste prestasjonen i sesongen.

#### Statuttar Talentpokal

Kan delast ut til den jente og eller gut i kvar skigrein som har utmerka seg ved spesiell talentfull innsats

#### Statuttar Magnorpokal (delast ut 2 kvart år, tot. 4 stykkjer)

Utøvarane bør vere i alderen 12-16 år.

Skikrinsstyret har i møte 21. april fatta følgjande vedtak:

#### **Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:**

*Bragdpokal skal delast ut til:*

- *Anders Fannemel (Hornindal IL, hopp)*
  - o *Verdsrekord i skiflyging, 251,5 m*
  - o *Verdsmeister i laghopp 2015*
- *Åge Solheim (Haugen IL, alpint)*
  - o *Junior NM gull i Super G 2014*
  - o *NM slalom 2015, nr. 6*

*Skikrinsstyret kjem med framlegg om at Talentpokal skal delast ut til:*

- *Andrine Mårstøl (Haugen IL, alpint)*
- *Emma Åsebø (Haugen IL, alpint)*
- *Andreas Strand (Jølster IL, alpint)*
- *Johannes Betten (Førde IL, alpint)*
- *Jon Rolf S. Hope (Hyen IL, langrenn)*

*Skikrinsstyret kjem med framlegg om at Magnorpokal skal delast ut til:*

- *Daniel Hagen (IL Veten, alpint)*
- *Eskil Kveen (Markane IL/ IL Veten, hopp/kombinert)*
- *Inga Kårstad Skaar (Førde IL, langrenn)*
- *Andreas Hetle (BBIL, langrenn)*

*Når det gjeld framlegga vedr. utdeling av Talent- og Magnorpokal skal desse godkjennast hjå respektive greinkomitèar.*

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenner skikrinsstyret si innstilling.

#### **ORIENTERINGSSAKER**

##### **SAK 45 13-15**

##### **Evalueringssmøte – krinslaga i langrenn**

##### **Bakgrunn**

I samband med Trenarmøtet 14. april har ein fastsett Evalueringssmøte for krinslaga i langrenn til 05. mai 2015. Møtet vert gjennomført på Skei, Thon Jølster Hotel.

##### **Rammeprogram**

- Informasjon om Team Veidekke Vest v/ Arthur og Yngve
- Evaluering av sesongen 2014-2015 v/ Asgeir og Ingrid

- Målsetjing og filosofi om krinslaga v/ Arthur og Yngve
- Sportsleg opplegg sesongen 2015-2016 v/ Asgeir og Ingrid
- Gruppearbeid - evaluering v/ Yngve
- Avslutning, oppsummering

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

#### **SAK 46 13-15**

#### **Status markedsarbeid**

##### **Bakgrunn**

- **Sparebanken Sogn og Fjordane** (signert)
  - o 3-årig avtale (2015/2016, 2016/2017, 2017/2018)
  - o Same økonomiske nivå som tidlegare
  - o Bransjeeksklusivitet for langrenn
- **ByggTeam AS**  
Reforhandling av samarbeidsavtalen med ByggTeam AS vert starta våren 2015.
- **Skogstad Sport AS** (avtalen er ikkje signert)
  - o 2-årig avtale
  - o Leveranse av ytterbekledning (div. klede kostnadsfritt, i tillegg til ytterjakker til kostpris)
  - o Skiing Norway – medlem (verdi kr. 25 000,-)

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

#### **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Arthur Hegrenes (s)  
Leiar LK

Yngve Thorsen (s)  
Adm. Sjef

<b>Vedlegg SAK 32 13-15 SFSK LK – referat frå Haustmøtet 2014</b>
---


## Referat Haustmøte - Langrenn 2014

Sogn og Fjordane Skikrins  
Skei Hotel, 29.10.2014.

Langrennskomiteen.

1. **Val av referent.** Framlegg ved Arthur Hegrenes: Eivind Skaar.
2. **Kort info om løypeutstyr** og moglegheiter for å søkje om midlar v/ Arthur.
3. **Team Vest Veidekke.** Informasjon ved Åge Skinstad:

Langrennsfamilien:




Elite  
JR/Rekrutt  
Regionlag  
Klubb/Krets  
Folket

«justere rutiner»  
«stort potensial»  
«ressurser»

Folket skaper bredde og topp.

Langrennsfamilien:



Elite  
Region/Rekrutt /Team  
Junior/Skigymna  
Krets – 16 kretsar  
Klubb - 850 klubbar

«mangler Team på vestlandet»

Team Vest inne frå 2015. 60.000 i støtte til utgreiing, 800.000 til Team Vest oppstartsåre. 1 million 2. året, men krev at ein får inn 500.000 lokalt frå sponsor. (Mange kretsar er inne med 50.000 kvar). Naturleg med klubb eller løpar-andel. For å bli eit attraktivt lag bør ein ha eit budsjett på 1,5 millioner kroner. Dei fleste teama har trenar i 100%stilling. (Oslofjord 60%).

Veidekke er hovudsponsor.  
Spar er sponsor.  
Bendit er sponsor.

Bjørn Dæhli er med som sponsor på utstyr.

Omtrent på nivå med JR-landslaget. (dvs. litt under rekrutt).  
50-60 samlingsdøgn.  
Opplegg med NorgesCup og Skandinavisk Cup.



Den gamle traileren til skiforbundet får Teama, JR, og rekrutt landslaga tilgang til. Teama skal vere «eit hakk vidare enn kretsen». Poenget er å «SIKRE ETTERVEKSTEN». Ein får fleire seniorar til å halde på lenger. «5»-plassen på uttak til distansane i Falun er forbeholdt yngre løperar «for framtida». Trenarane til Teama føl langrennstrappa.

#### 4. **Utviklingstrappa – Sogn og Fjordane Skikrins v/Arthur Hegrenes.**

	<b>Team Veidekke Vest</b>	<b>(Klart til 15/4-2015 = frist)</b>
	Senior 60 samlingsdg.	
	<b>Satsing gruppe</b>	
	19år-> 55 samlingsdg.	
	<b>Jr.kretslag</b>	
	17-19 år	
	<b>Impuls</b>	
	16 år	
<b>Klubb/son</b>		

#### 5. **Nytt snøproduksjonsanlegg i Førde i gang.** v/Arthur Hegrenes.

#### 6. **Terminlista 2014/2015 v/ Oddmund Lefdal.**

Viser til lista som ligg på heimesida til skikrinsen.

Følgjande vart notert:

Ribberennet. (Sogndal reserve).

Stafett i Markane der dei klubbane som ikkje har lag, kan lage lag på tvers av klubbar og med lag med både gutar og jenter.

KM helg på Eid i år.

11 års aldersgrense på Duathlon. Mange innspel frå salen:

- Gå innom bytesona.
- Kan gå med klassisk
- Diskvallifisere dei som skøyter ved klassisk dersom dei er 13 år.
- Ta opp reglar med klubbar og foreldre
- Straff i tid.
- Internasjonal regel : «i sporet når det er satt spor».
- Lagleiarmøte på førehand
- Gå med klassiske ski med festesmurning
- Fleire TD'ar.
- Stå i innbydinga reglane

#### 7. **SFE er sponsor til skikrinsen.** Dei har fått lovnad om at det på 3 skirenn til vinteren skal vere smøreservice. «Kraft i kvart fråspark»

- KM klassisk på Eid
- 7. februar i Førde
- 15. februar Sandane



.....  
SOGN OG FJORDANE  
SKIKRENS  
.....

8. **TD-kurs med Per Nymoen.** Det er eit godt kurs for alle arrangører. Alle i klubben kan komme.
9. **Rypeskarsrennet** vert kanskje i skøyting. v/Jonfinn Aske.
10. **God innsats i vinter for å få avvikla skirenn.** Viktig med skirenn kvar helg. v/Yngve Thorsen.
11. **Full premiering på alle renn.** Henstilling v/Arne Helgheim.
12. **Økonomi. Kort gjennomgang v/Yngve Thorsen. Viser til utleverte regnskap i sakspapir.** «Dersom aktiviteten vert som forventa i langrennskomiteen, så vil rekneskapen gå i balanse. «Langrennskomiteen kan ikkje ta på seg meir forpliktelser enn ein har i dag.» Handlingsplanen er styrande for aktiviteten. Har LK pengar, så bruker vi dei på aktivitetane som står der.
13. **Trening v/Åge Skinstad**  
Sjå på heimesida til Norges Skiforbund

**Vedlegg SAK 33 13-15 Referat frå Trenarmøte 14. april 2015**

<b>REFERAT</b>	: Trenarmøte - langrenn
<b>STAD/DATO</b>	: Førde, 14. april 2015
<b>TIL STADES</b>	: Ingrid Narum, Arthur Hegrenes og Yngve Thorsen
<b>FRÅFALL</b>	: Per Sigve Selseng og Asgeir Årdal
<b>ANDRE OPPL.</b>	:
<b>REFERENT</b>	: Yngve Thorsen
<b>SAKER</b>	:
<b>Sak 01</b>	<b>Orientering om Team Veidekke Vest</b>
<b>Sak 02</b>	<b>Evaluering av sesongen 2014-2015</b>
<b>Sak 03</b>	<b>Trenarar – krinslaga i langrenn 2015-2016</b>
<b>Sak 04</b>	<b>Organisering av krinslaga</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- <b>Impulslag</b></li><li>- <b>Juniorlag</b></li><li>- <b>Satsingsgruppe</b></li><li>- <b>Team Veidekke Vest</b></li></ul>
<b>Sak 05</b>	<b>Samlingsplan 2015-2016</b>
<b>Sak 06</b>	<b>Evalueringsmøte om krinslaga i langrenn</b>
<b>Eventuelt</b>	

---

<b>Sak 01</b>	<b>Orientering om Team Veidekke Vest</b> <b>Bakgrunn</b> Orientering om Team Veidekke Vest v/ Arthur Hegrenes.
---------------	--

**OPPFØLGING**  
Teke til orientering.

<b>Sak 02</b>	<b>Evaluering av sesongen 2014-2015</b> <b>Bakgrunn</b> Ein evaluerte sesongen 2014-2015 på følgjande punkt: <ul style="list-style-type: none"><li>- Utfordrande å skape å gode sportslege samlingar når impulslaget har samling i lag med dei ordinære krinslaga</li><li>- Samling Beitostølen – utfordrande m.o.t. at det var få trenarar og dermed lite oppfølging av utøvarane</li><li>- Samling Gålå (mange reiste heim igjen etter BUL-sprinten)</li><li>- Vintersamling – ikkje gjennomført i 2015</li><li>- Referanseøkt må jobbast vidare med (barmark og snø)</li><li>- Arbeidsdeling ved utarbeiding av innkalling til krinssamlingane</li></ul>
---------------	---

- Differensiering av treningsøktene

#### **OPPFØLGING**

- Innkallingane skal for sesongen 2015-2016 sendast ut av hovudtrenar på dei ulike samlingane
- Det vert ikkje lagt til rette for vintersamling i 2016
- Referanseøktene må jobbast vidare
- Tydeleggjere målsetjinga med krinslaga i langrenn (nivå, ferdigheiter, alder)
- Eiga jentesamling, 11-16 år (supplert med lokale trenarkrefter)

### **Sak 03**

#### **Trenarar – krinslaga i langrenn 2015-2016**

##### **Bakgrunn**

Asgeir har signalisert at han ynskjer å fortsette som trenar, medan Per Sigve har valt å ikkje fortsette. Forøvrig har Per Sigve signalisert at han kan vere med som trenar på einskilde samlingar.

Ingrid fortset, men kan ikkje vere med på alle samlingar.

Andre aktuelle trenarar;

- Bjarne Nes – erstattar for Per Sigve?
- Thomas S. Evjestad – erstattar for Per Sigve?

«Lokale» hospiteringstrenarar

- Simen Bækken – krinslag/impuls
- Torunn Grut – krinslag/impuls (jentesamling)
- Per Sigve Selseng – krinslag/impuls
- Olaug Grut – jentesamling (impuls)
  
- Daniel Tormodset – krinslag/impuls
- Arthur Hegrenes – satsing/krinslag/impuls
- Magnar Arild Kapstad - impuls
- Inge Brikt Kvile – impuls
- Eivind Skår – krinslag/impuls
- André Haugsbø – krinslag/impuls
- Bodil Ryste – krinslag/impuls
- Jørund Hammersvik – impuls
  
- Nils Heggdal – satsingsgruppe/impuls
- Johnny Seljeset – krinslag/impuls
- Kenneth Vedvik – krinslag/impuls

#### **OPPFØLGING**

Dei aktuelle trenarane vert kontakta så snart rammene for samlingsplanen er klar. Vidare skal dei «lokale» hospiteringstrenarane bli førespurt om å delta som trenar på planlagde samlingar i respektive lokalmiljø.

#### **Sak 04**

#### **Organisering av krinslaga**

##### **Bakgrunn**

Med bakgrunn i fjorårets erfaringar er det grunnlag for å drøfte korleis impulslaget, krinslaget og satsingsgruppa skal organiserast.

Ei slik drøfting er også relevant m.o.t. at det er forventet eit relativt høgt antal utøvarar på dei ulike laga sesongen 2015-2016.

##### **OPPFØLGING**

Impulslaget fortset å hospitere på krinslaget, men dei skal ha kortare samlingar (fredag til søndag), og det skal følgje med lokale trenarressursar på dei ulike samlingane (min. to stk., ref. sak 03)

Ein føreslår at det ikkje skal vere uttak til satsingsgruppa, men i staden skal det setjast ei nedre aldersgrense for deltaking på laget. Den nedre aldersgrensa for laget kan i så fall vere eldre junior. Saka skal drøftast på prinsipielt grunnlag i samband med møte i langrennskomiteen 30. april 2015.

Med denne organiseringa vil det stipulert vere følgjande tal utøvarar på dei ulike laga sesongen 2015-2016:

- Satsingsgruppa; 13 stk .
- Krinslaget; 19 stk.
- Impulslaget; 12 stk

Med dette talet utøvarar vil ein m.a. møte følgjande utfordringar;

- logistikk; bu-forhold, transport
- trenarkapasitet
- organisering av treningsøkter (differensiering)

#### **Sak 05**

#### **Samlingsplan 2015-2016**

##### **Bakgrunn**

Det skal utarbeidast samlingsplan for krinslaga i langrenn innan utg. av april 2015.

##### **OPPFØLGING**

Asgeir og Ingrid utarbeidar rammer for samlingsplan innan 30. april (til møte i lanrennskomiteen)

#### **Sak 06**

#### **Evalueringsmøte om krinslaga i langrenn**

##### **Bakgrunn**

Jf. langrennskomiteen sin handlingsplan 2014-2015 skal ein gjennomføre evalueringsmøte om krinslaga i langrenn innan medio mai.

##### **OPPFØLGING**

##### **Tid og stad**

Tysdag 05. mai 2015, Thon Skei Hotell



### **Sakliste**

Velkommen v/ Arthur og Yngve

Evaluering av sesongen 2014-2015 v/ Asgeir og Ingrid

Målsetjing/ filosofi med krinslaga v/ Arthur og Yngve

Gjennomgang av sportsleg opplegg sesongen 2015-2016 v/ Asgeir og Ingrid

Tema v/ Steinar Mundal (??)

Gruppearbeid, evaluering

Avslutning/ oppsummering

Ref.

Yngve Thorsen (s)



<b>Vedlegg SAK 34 13-15    Rekneskap 2014</b>
---

Rekneskap 2014 er lagt ved som eige vedlegg.



<b>Vedlegg SAK 35 13-15      Rekneskapsrapport pr. 14.04.2015</b>
---

Rekneskapsrapport pr. 14.04 2015 er lagt ved som eige vedlegg.



<b>Vedlegg SAK 37 13-15</b>	<b>Godkjenning av protokoll frå møte i langrennskomiteen 04.09.14</b>
-----------------------------	---

**PROTOKOLL NR.** : 03 i tingperioden 2013-2015

**FRÅ** : Langrennskomiteen

**STAD/DATO** : Skei, 04. september 2014

**TIL STADES** : Arthur Hegrenes, Oddmund Lefdal, Jo Inge Skålbones og  
Yngve Thorsen (adm.)

**FRÅFALL** : Torunn Grut og Eivind Skaar

**ANDRE OPPL.** : Krinslagstrener Asgeir Årdal var kalla inn til møte i samband med  
*Sak 22 og 23*, men hadde ikkje høve til å møte.

**REFERENT** : Yngve Thorsen

**SAKER** :

<i>Sak 21 13-15</i>	<b>Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15</b>
<i>Sak 22 13-15</i>	<b>Ambulerande trenar 2014-2015</b>
<i>Sak 23 13-15</i>	<b>Orientering om krinslagsaktiviteten 2014-2015</b>
<i>Sak 24 13-15</i>	<b>Arbeid med etablering av Team Vest</b>
<i>Sak 25 13-15</i>	<b>Møteplan Langrennskomiteen 2014-2015</b>
<i>Sak 26 13-15</i>	<b>Terminliste 2014-2015</b>
<i>Sak 27 13-15</i>	<b>Status Handlingsplan 2013-2014</b>
<i>Sak 28 13-15</i>	<b>Handlingsplan 2014-2015</b>
<i>Sak 29 13-15</i>	<b>Markedsarbeid 2014-2015</b>
<i>Sak 30 13-15</i>	<b>Rekneskap pr. 27.08.2014</b>

**Eventuelt**

*Sak 31 13-15*      **Haustmøtet 2014**

---

*Sak 21 13-15*      **Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15**  
**Bakgrunn**  
Innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15 er utsendt på førehand.

**Vedtak**

Langrennskomiteen godkjenner innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15.

*Sak 22 13-15*      **Ambulerande trenar 2014-2015**  
**Bakgrunn**  
Vinteren 2014 la langrennskomiteen til rette for prosjektet «Ambulerande trenar» med Asgeir Årdal som trenar.

Intensjonen med prosjektet er å samle utøvarar i alderen 13-16 år til felles trening i skikrinsen sine tre soner.

Vinteren 2014 la ein til rette for sonetreningar i Nordfjord og Sogn slik;

- Sogn:                    Onsdag 04. desember 2013  
                              Onsdag 18. desember 2013  
                              Torsdag 09. januar 2014  
                              Torsdag 06. februar 2014  
                              Onsdag 26. februar 2014  
                              Torsdag 20. mars 2014
  
- Nordfjord:            Tysdag 03. desember 2013  
                              Tysdag 17. desember 2013  
                              Tysdag 14. januar 2014  
                              Tysdag 04. februar 2014  
                              Tysdag 25. februar 2014

Følgjande skigrupper var del av prosjektet 2013-2014;  
Hafslo IL, Syril IL, Sogndal IL, Luster IL, Årdalstangen IL, IL Bjørn,  
Kaupanger IL, Markane IL, Eid IL, Fj./ Vereide IL og Breimsbygda IL.

Det vart ikkje lagt til rette for sonetrening i Sunnfjord.

I det vidare arbeidet med prosjektet ynskjer langrennskomiteen å fortsette samarbeidet med Asgeir Årdal på trenarsida, og at ein legg til rette for sonetreningar (etter same modell som vinteren 2014) f.o.m. oktober 2014.

### **Vedtak**

I samråd med Asgeir Årdal, gjer komiteen vedtak om å vidareføre prosjektet sesongen 2014-2015.

Ein gjer vidare vedtak om at prosjektet vert starta opp igjen primo oktober.

Med bakgrunn i utviding av konseptet gjer komiteen vedtak om å auke laga sin eigendel frå kr. 1 500,- til kr. 3 000,-.

### **Sak 23 13-15**

#### **Orientering om krinslagsaktiviteten 2014-2015**

##### **Bakgrunn**

Krinslagstrenar Asgeir Årdal hadde ikkje høve til å delta på møtet.

##### **Vedtak**

Saka vert utsett til neste møte i komiteen.

### **Sak 24 13-15**

#### **Arbeid med etablering av Team Vest**

##### **Bakgrunn**

Leiar orienterte komiteen om arbeidet med etablering av Team Vest:

- intensjon og målsetjing med Team Vest
- møteplan

- Einar Tefre (Førde IL) er knytta til prosjektet som ressursperson på vegne av langrennskomiteen i Sogn og Fj. Skikrins
- målgruppe for teamet (U23)
- tal utøvarar i teamet er 10-12 stk.
- utøvarane sitt sportslege nivå
  
- framdriftsplan
- økonomi/budsjett
- markedsarbeid (barteravtalar m.m.)

### **Vedtak**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

## **Sak 25 13-15**

### **Møteplan Langrennskomiteen 2014-2015**

#### **Bakgrunn**

Leiar gjer saman med adm. sjef framlegg om at komiteen skal fastsette møteplan for sesongen 2014-2015.

### **Vedtak**

Komiteen gjer vedtak om følgjande møteplan sesongen 2014-2015:

- Haustmøte; Skei Hotell, 29. oktober 2014
- Møte langrennskomiteen; Skei Hotell, 17. november 2014
- Møte langrennskomiteen; Skei Hotell, 09. februar 2015
- Møte langrennskomiteen; Skei Hotell, 13. april 2015
- Skikrinstinget og Vår møte; Tid og stad vert fastsett av Skikrinsstyret

## **Sak 26 13-15**

### **Terminliste 2014-2015**

#### **Bakgrunn**

Rammene for terminlista 2014-2015 vart lagt fram på Vår møte 2014. Deretter vart terminlista sendt til høyring i laga 01. juli, med svarfrist 01. september 2014

Pr. 01. september er det komt inn følgjande innspel til terminlista:

#### **Førde IL, langrennsgruppa**

*Gjer følgjande innspel pva. FIL langrenn:*

*Sak nr. 11. Terminliste*

*Samrøystes vedtak: Arne melder inn til Sogn og Fjordane Skikrins fylgjande ynskje:*

- *Flytte Kalsetrennet frå 22. februar til 1. mars (dvs. at Honndalsrennet vert flytta frå 1. mars til 22. februar)*
- *SSF Cup Førde IL får status som jr + rekrutt.*

#### **Markane IL, langrennsgruppa**

*Me i skigruppa har diskutert terminlista og lurar på om det er mulig å få til ei helg med stafettar på programmet?*

*Vi kunne kanskje hatt ei dobbelhelg, men veit av erfaring at det er vanskelig å få funksjonærar helga etter nyttår, så viss Markane skal ha dobbelt helg*

*denne sesongen trur eg me må bytte helg med ein annan arrangør. F.eks med Sogndal. Eller kanskje eit anna iddrettslag er interessert og vil ta det på seg?*

*Mvh Sigbjørn*

**Syrl IL, langrennsgruppa**

*Hei!*

*Vi ønskjer eit SSF karusellrenn 7. mars på Kleppa el Øvstestølen (100 meter høgare). Etter det eg kan sjå er det ein ledig dag i terminlista.*

*Har vore i kontakt med Kaupanger. Dei ønskjer også å spele inn ein dato, men veit ikkje om dei får gjort det før møte.*

*Helsing*

*Eivind Brendehaug*

**Kaupanger IL, langrennsgruppa**

*Hei Oddmund*

*Innspill terminliste langrenn:*

*Du kan sette opp Kaupanger IL som arrangør av SSF karusell renn tirsdag 17. mars.*

*Mvh*

*Svein Romstad*

*Kaupanger IL*

**Vedtak**

Langrennskomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

Vedtak 1) Innspel Førde IL, langrennsgruppa

Langrennskomiteen gjer vedtak om å flytte Kalsetrennet til 01. mars, og Honndalsrennet til 22. februar.

SSF Cup arrangementet i Førde IL 07. februar får ikkje status som SSF Cup rekrutt. Bakgrunn for vedtaket er knytt til komiteen sitt ynskje om å stimulere flest mogleg langrennsgrupper med arrangement med status i SSF Cupen, og dermed oppretthalde god deltaking hjå flest mogleg arrangørar.

Vidare er Førde IL tildelt SSF Cup Finale 22. mars, dette arrangementet har status både som SSF Cup rekrutt og junior.

Vedtak 2) Innspel Markane IL, langrennsgruppa

Langrennskomiteen gjer vedtak om at Markane IL avviklar Ullsrennet 10. januar (friteknikk SSF Cup rekrutt/ junior), samt krinsstafett 11. januar (K-F-F)

Hodlekverrennet vert dermed flytta til 04. januar (klassisk/ SSF Cup rekrutt)

Vedtak 3) Innspel Syril IL, langrennsgruppa  
Langrennskomiteen gjer vedtak om at Syril IL avviklar SSFkarusell 07. mars.  
Arrangøren bestemmer stilart.

Vedtak 4) Innspel Kaupanger IL, langrennsgruppa  
Langrennskomiteen gjer vedtak om at Kaupanger IL avviklar SSFkarusell  
torsdag 17. mars.

Arrangøren bestemmer stilart.

Vedtak 5) Innspel langrennskomiteen  
Jamfør samarbeidsavtale med SFE skal tre arrangement terminfestast med  
smørhjelp. I tillegg skal ein vurdere eige smørjekurs på Skei ila. hausten  
2014.

Vedtak 6) Innspel langrennskomiteen  
Terminlista vert endeleg handsama i samband med Haustmøtet til  
Langrennskomiteen, 29. oktober 2014.

#### **Sak 27 13-15**

#### **Status Handlingsplan 2013-2014**

##### **Bakgrunn**

Oppdatert Handlingsplan 2013-2014 er utsendt på førehand.  
Leiar presenterte status for handlingsplanen 2013-2014.

##### **Vedtak**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

#### **Sak 28 13-15**

#### **Handlingsplan 2014-2015**

##### **Bakgrunn**

Langrennskomiteen sin handlingsplan byggjer på Sogn og Fjordane Skikrins  
sin Strategiplan 2013-2017.

Strategiplanen dannar såleis grunnlaget for langrennskomiteen sine årlege  
handlingsplanar.

Strategiplanen har prioriterte mål innanfor kvart strategiområde, og  
handlingsplanen skal ha prioriterte tiltak for å følgje opp strategiplanen sine  
mål og verkemiddel.

Summen av komiteen sine årlege handlingsplanar i heile strategiperioden  
skal gje skikrinsen størst mogleg grad av måloppnåelse.

##### **Vedtak**

Med bakgrunn i skikrinsen sin Strategiplan 2013-2017 samt status i arbeidet  
med handlingsplan 2013-2014, får leiar og adm. sjef fullmakt til å utforme  
langrennskomiteen sin handlingsplan for 2014-2015.

Framlegg til handlingsplan for perioden 2014-2015 skal leggst fram i  
samband med møte i langrennskomiteen 17. november 2014.

### **Sak 29 13-15**

#### **Markedsarbeid 2014-2015**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins Langrenn har i dag følgjande markedsavtalar;

<b>Verksemd</b>	<b>Grein</b>	<b>Varigheit</b>	<b>Går ut</b>
ByggTeam	Langrenn	2 år	2015
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	3 år	2015
G-Sport/Erdal Sport AS	Langrenn	2 år	2016
SFE	Hopp/langrenn	2 år	2016

Mange av dei viktige samarbeidsavtalane til Sogn og Fjordane Skikrins er i ferd med å nærme seg frist for reforhandling. Fram til våren 2015 må arbeidet innanfor markedsområdet difor rettast mot reforhandling av eksisterande markedsavtalar.

I første fase må følgjande verksemdar følgjast opp m.o.t. reforhandling;

- Sparebanken Sogn og Fjordane
- ByggTeam AS

Elles er samarbeidsavtalen med SFE ferdig reforhandla for 2 nye år. Denne avtalen har ein verdi på xx xxx,- i kontantstraum pr. år i avtaleperioden. I avtalen er SFE hovudsponsor for hopp- og kombinertkomiteen, samt sponsor for langrennskomiteen.

I møte 29.-30. august 2014 har Skikrinsstyret gjort vedtak om at fordelingsnøkkelen i høve samarbeidsavtalen med SFE skal vere; 70% til hopp- og kombinert og 30 %til langrenn (av kontantstraumen)

Forøvrig har Skikrinsstyret også gjort vedtak om at markedsnemnda skal gjere ei fordeling av oppfølgingsansvaret vedr. samarbeidsavtalane som skal reforhandlast i 2014/2015.

##### **Vedtak**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

### **Sak 30 13-15**

#### **Rekneskap pr. 27.08.2014**

##### **Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 27.08.2014 er utsendt på førehand.  
Adm. la fram rapporten.

##### **Vedtak**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

### **Eventuelt**

### **Sak 31 13-16**

#### **Haustmøtet 2014**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret har fastsett tidspunkt for Haustmøtet 2014 til 29. oktober, møtet vert avvikla på Skei, Skei Hotell.



I samband med møtet deltek Sportssjef i NSF Åge Skinstad.

**Vedtak**

Langrennskomiteen gjer vedtak om at Åge Skinstad t.d. kan innleie om følgjande tema på komiteen sitt fagmøte;

- Etablering av NSF sine regionale team
- Rulleski og trafikktryggleik
- NSF sin «Kunnskapstrailer»
- Arrangement (tidsriktige- og attraktive arrangement)

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skins

Arthur Hegrenes (s)  
Leiar langrennskomiteen

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef



<b>Vedlegg SAK 42 13-15    Handlingsplan 2014-2015</b>
--

Handlingsplan 2014-2015 er lagt ved som eige vedlegg.